



## Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906 FREKHAUG

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:  
20/237558-4

Dykkar referanse:  
20/1094 – 22/49421

Vår dato:  
13.07.2022

### Uttale til detaljregulering for Snekkevika – gnr. 464 bnr. 41 m.fl. – Offentleg ettersyn og høyring – Alver kommune

Vi viser til høyringa datert 24.06.2022 med forslag til arealplan for Snekkevika i Alver kommune.

#### Saken gjeld

Planområdet er på om lag 152 daa og omfattar eit område nordaust på Radøy. Avstanden til Manger sentrum er ca. 3,3 km i luftlinje. Til Sletta som har landhandleri/butikk er avstanden ca. 1,8 km i luftlinje. Forslagsstillar ynskjer å legge til rette for etablering av eit hytteområde med tilhøyrande uteareal, infrastruktur, naust og småbåthamn, samt at eit friluftsområde vert sikra. Planforslaget opnar for etablering av totalt 22 nye fritidsbustader.

#### Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i *Nasjonal transportplan (NTP)*, *statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretatt i planlegginga. Statens vegvesen sitt samfunnsoppdrag er «å utvikle og leggje til rette for eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert, og miljøvennleg transportsystem».

Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine egne kulturminne, og som statleg fagmyndigheit med sektoransvar innanfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikksikkerheit, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivaretatt i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklande.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Fakturamottak DFØ  
Postboks 4710 Torgarden  
7468 Trondheim

### **Arealpolitiske føringar for planarbeidet**

*Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging m.v.*

Vi viser til statleg nullvekstmål, tatt inn i byvekstavtalen for Bergensområdet, om at klimagassutslepp, kø, luftforureining og støy skal reduserast gjennom effektiv arealbruk og ved at veksten i persontransporten takast med kollektiv, sykkel og gange.

Reguleringsløyisingar må så langt mogleg ivareta at utbygging av planområdet vert gjort minst mogleg bilavhengig og at det vert attraktivt med gange, sykkel og kollektiv.

### **Våre merknadar til planforslaget**

I Statens vegvesen si uttale til planoppstart (brev av 08.01.2021) vart det peikt på at vegen forbi planområdet er smal og at fylkesvegen forbi planområdet manglar eit tilbod til mjuke trafikantar. Skilta fart er 80 km/t. Plankonsulent viser til at det er vedtatt reguleringsplan for ny trasé for fylkesvegen og at vegarbeida starta våren 2021. Etter at den nye vegen er opna (ca. 2024) vil Slettevegen berre nyttast til lokal trafikk. I ROS-analyse viser plankonsulent til dette tiltaket som vil føre til redusert ulykkesrisiko.

Når nye fritidsbustadar vert tatt i bruk må ein kunne anta at fleire born og unge vil gå og sykle langs dette vegstrekket for å kome seg til Sletta og kanskje også til Manger. Dagens ÅDT = 1000 og skilta fart er 80 km/t. Med eit manglande tilbod til mjuke trafikantar langs denne vegen er det behov for å ta inn eit rekkefølgekrav i føresegnene om at ny fylkesveg skal vere opna for bruk før det kan gjevast bruksløyve for nye fritidsbustadar innanfor planområdet.

I framlegget til reguleringsføresegner § 6 er det tatt inn rekkefølgekrav til utbetring av avkøyrsla til planområdet (O\_SV1). Rekkefølgekravet er knytt til mellombels bruksløyve for fritidsbustader innanfor feltet. Statens vegvesen minner om at også anleggsavkøyrsla skal ha utforming i tråd med vegnormal N100. Dimensjonerande køyretøy skal leggjast til grunn for utforminga. Dette punktet må avklarast nærare med Vestland fylkeskommune før ein vedtar reguleringsplanen for Snekkevika.

Statens vegvesen har utover dette ingen vesentlege merknader til planframlegget.

Transport vest, Transportforvaltning  
Med helsing

Hilde Birgitte Kalleklev  
fung. seksjonsleiar

Ingelin Garen  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER

VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER